

1. Opplysingar om firma

Firmanamn

Adresse

Postnr.

Stad

E-post

Organisasjonsnummer

Kontaktperson

Telefon

Telefaks

2. Opplysingar om produktet

Varenr. i tolltariffen

Varas fakturanemning

Opphavsland

SØKNADEN GJELD:

3a. Tollnedsetjingar for landbruksprodukt

Vara er økologisk

Konserves*

Vara inneheld ikkje råvarer nemnt i vedlegg 2 til FAT**, eller korn eller mjøl av kveite, rug, havre, bygg og rugkveite.

Vara inneheld følgjande råvarer:

Råvare	%-del

Råvare	%-del

* Ordning for bedrifta som er omfatta av §§ 18b, 18c eller 18d av FAT.

** Forskrift 22. desember 2005 nr. 1723 om administrative tollnedsetjingar for landbruksvarer ("FAT").

3b. Tollnedsetjing med brukserklæring

Fisk Hund/katt Kjæledyr RÅK*** Anna (spesifiser)

*** Vara er omfatta av vedlegg 6 til FAT og skal inngå som innsatsvare i produksjon av industrielt bearbeidde landbruksvarer innanfor Protokoll 3 tabell 1 til EØS-avtalen, jf. § 18 FAT.

3c. Tollnedsetjing for såvarer

Art	Sort	Bruk
		<input type="checkbox"/> Jordbruk <input type="checkbox"/> Plen

3d. Tollnedsetjing vitamin- og mineraldel til dyrefôr

Vitaminer		Mineraler	
Namn på vitamin	%-del	Namn på mineral	%-del

4. Eventuell tilleggsmasjon

5. Dokumentasjonskrav ved søknad om nedsatt toll

Eg stadfestar med dette at eg oppbevarer den kravde dokumentasjonen

6. Underskrift

Stad og dato

Søkjars underskrift

Ein kan òg søkja om tollnedsetjing elektronisk via www.altinn.no eller via Landbruksdirektoratet sine nettsider, www.landbruksdirektoratet.no. Søknadar som kjem inn elektronisk til Landbruksdirektoratet kjem raskare til sakshandsamar. Landbruksdirektoratet har ei sakshandsamingstid på maks ti yrkedagar som målsetjing.

Rettleiing

Punkt 1 til 3 må fyllast ut av alle som søkjer om individuell tollnedsetjing. Det skal fyllast ut eitt skjema for kvar enkelt vare som det vert søkt om tollnedsetjing for.

1. Opplysingar om firma

Importøren fyller sjølv ut desse felta. Ved adresseending må Landbruksdirektoratet få beskjed. Adresseendinga vil verta kontrollert mot Einingsregisteret, og ved avvik vil adressa i Einingsregisteret nyttast. Me ber difor om at det òg vert gitt beskjed om adresseendinga til Einingsregisteret.

2. Opplysingar om produktet

I feltet for varenummer i tolltariffen er det importørens ansvar å sørjga for at korrekt varenummer vert oppgitt. Ved tvil om kva som er korrekt varenummer i tolltariffen må det tas kontakt med Tollvesenet.

Med varas fakturanemning er det meint namnet på vara slik det går fram av faktura frå eksportør. Det er viktig at det er samsvar mellom varenemning som vert oppgitt i skjema og varenemninga på fakturaen.

I feltet for opphavslend skriv ein opphavet tiol vara i samsvar med varesertifikat, opphavssertifikat eller annen opphavsdokumentasjon.

SØKNADEN GJELD

Importør må sjølv setja seg inn i regelverket for produktet det vert søkt om tollnedsetjing for. Søknadar om individuelle tollnedsetjingar vert vurderte etter Forskrift om administrative tollnedsetjingar for landbruksvarer FOR 2005.12.22: nr 1723 (FAT).

3a. Tollnedsetjing for landbruksvarer

Søknadar om tollnedsetjing for produktet vert vurdert etter FAT § 11-14. Om produktet inneheld varer som er relevante for tollberekninga, det vil seia alle varer på vedlegg 2 til FAT, samt korn og mel av kveite, havre, bygg, rug og rugkveite, skal desse oppgjevast i prosentandel.

Om vara tilfredsstillar gjeldande regelverk for økologisk produksjon (sjå forskrift 4. oktober 2005 nr. 1103 om økologisk produksjon og merking av økologiske landbruksprodukter og næringsmidler), skal det kryssast av for økologisk.

Kryss av for konserves om FAT §§ 18b, 18c eller 18d gjeld.

3b. Tollnedsetjing med brukserklæring

Det kan søkast om tollnedsetjing for ulike fôrprodukt (ferdigvarer eller råvarer til fôr) etter FAT § 15, punkt 1, 3, 4 og 5. Det kan også søkast om tollnedsetjing for varer på vedlegg 6 til FAT som skal inngå som innsatsvare i produksjon av industrielt bearbeide landbruksvarer omfatta av protokoll 3 til EØS-avtala, jf. FAT § 18. Med tillatinga om nedsett tollsats følgjer òg ei erklæring om bruk som må kunna visast fram ved fortolling. Det vert gjennomført kontroll knytt til rett bruk av varer med tollnedsetjing fylgd av brukserklæring.

3c. Tollnedsetjing for såvarer

Det kan innrømmast tollnedsetjing for såvarer til bruk i jordbruk og plen for de arter/sorter som er kunngjort på www.landbruksdirektoratet.no

3d. Tollnedsetjing for vitamin- og mineraldel til dyrefôr

Det kan innrømmast tollfritak for vitamin- og mineraltilskotsdelen i dyrefôr, etter FAT § 15, punkt 2. Ingrediensane skal verta oppgjevne i prosent, kor summen av ingrediensane sin del av resepten skal vera 100 prosent. For samansette ingrediensar kan det gjevast tollfritak for vitamin- og mineraltilskotsdelen i den samansette ingrediensen. Dette må i så fall spesifiserast.

4. Eventuell tilleggsmasjon

Kommentarar knytt til kriterier for individuelle tollnedsetjingar eller anna informasjon som kan ha følgjer for sakshandsaminga, til dømes prisinformasjon, kan skrivast her.

5. Dokumentasjonskrav ved søknad om nedsett toll

Når ein søkjer om tollnedsetjing skal ein alltid ha tilgjengelig informasjon om innhaldet i vara. Dette skal innhentast frå produsent. Informasjonen vil kunna verta etterspurd ved kontroll, og importøren må då sørjga for å ha dokumentasjonen tilgjengeleg. Om dokumentasjonen ikkje oppfyller krava vil søknaden verta avvist.

Me stiller følgjande krav til dokumentasjonen:

- Det skal gå klart fram av dokumentasjonen at den kjem frå produsent.
- Alle produktets ingrediensar skal framgå.
- Prosentvis innhald av alle råvarer som er relevante for tollberekninga skal framgå. Dette er alle varene omfatta av vedlegg 2 til forskrift om administrative tollnedsetjingar for landbruksvarer (FAT), i tillegg til korn og mel av kveite, havre, bygg, rug og rugkveite. Desse råvarene finn du òg i den elektroniske tenesta «Import av landbruksvarer og tilskudd til norsk produksjon av bearbeidede landbruksvarer (RÅK)».
- Dokumentasjonen skal vera på engelsk eller eit skandinavisk språk.
- Dokumentasjonen skal vera oppdatert når ein søkjer om tollnedsetjing, den skal visa råvareinnhaldet i produktet på importtidspunktet.

For meir informasjon, sjå våre nettsider www.landbruksdirektoratet.no.

6. Underskrift

Søknaden daterast, og opplysingane vert stadfesta ved signatur.